

ÅRSMØTE I HORDALAND FOLKEMUSIKKLAG 2018

Årsmøtet vert halde laurdag 17. mars i ungdomshuset Framhall på Osterøy kl 15:00.

Lokallaga i Hordaland folkemusikklag vert med dette kalla inn til årsmøte. Alle medlemslag har rett til to utsendingar med framleggs- og røysterett til årsmøtet.

Årsmøtesaker, i samsvar med gjeldande vedtekter:

1. Namneopprop
2. Godkjenning av innkalling
3. Godkjenning av saksliste
4. Val av møtereferent
5. Val av møteleiar
6. Val av to protokollunderskrivarar
7. Årsmelding
8. Revidert rekneskap
9. Innmelde saker
 - 9.1. Framtida for Hordaland folkemusikklag etter fylkessamanslåinga
 - 9.2. Framlegg til nye vedtekter for Hordakappleiken
10. Arbeidsprogram for 2018
11. Fastsetjing av kontingent for 2018
12. Val

Vedlegg til innkallinga:

- Årsmelding for 2017
- Arbeidsprogram for 2018

Revidert rekneskap for 2017 og budsjett for 2018 vert delt ut på årsmøtet.

Vel møtt!

For styret i Hordaland folkemusikklag:

Silje Solberg, leiar

ÅRSMELDING FOR HORDALAND FOLKEMUSIKKLAG 2017

Tillitsvalde 2017

Styret:

Leiar: Silje Solberg, Osterøy spel- og dansarlag. *På val*

Skrivar: Irene Bjørke, Bergen ungdomslag Ervingen, Kvinnherad folkemusikklag. *Ikkje på val*

Kasserar: Åsviv Reigstad, Voss spelemannslag, Osterøy spel- og dansarlag. *På val*

Varamedlemmer:

Ole Gjerde, Hardanger spelemannslag

Solgunn Flaktveit, Bergen ungdomslag Ervingen

Revisorar:

Anne Marie Øydvin, Hardanger spelemannslag

Ragnar Birkenes, Bygdedanslaget i Bjørgvin

Valnemd:

Tormod Kleiveland, Osterøy spel- og dansarlag

John Haugen, Spelemannslaget Fjellbekken

Varamedlemmene, valnemda og revisorane vert valde for eitt år om gongen.

Møte:

Årsmøte i Hordaland folkemusikklag:

Årsmøtet i 2017 vart halde på Øystese gymnas måndag 20. mars. Det var 9 frammøtte. Årsmelding og rekneskap for 2016 vart lagt fram og godkjent, samt arbeidsprogram og budsjett for 2017.

Styremøte:

Det vart halde fire styremøter i 2017. Alle møta er haldne med ein eller fleire styremedlemmer på Skype. Styret har i tillegg hatt jamnleg kontakt på epost og messenger. Varamedlemmene har ikkje blitt innkalde til styremøta. Referata frå styremøta vert lagt ut på nettsida til folkemusikklaget fortløpande.

Styret sitt arbeid:

Arbeidsprogram for 2017 vart lagt fram på årsmøtet:

Dele ut midlar til prosjekt som fell inn under Hordaland folkemusikklag sitt føremål

Det kom inn i alt 19 søknader i 2017, og det vart søkt om til saman 220 000.

Desse fekk stønad:

Per Inge Hove: Folkemusikkmesse på Osterøy. 10 000,-

Hardingfela.no v/ Rannveig Djønne: Instruktørseminar på Voss. 4000,-

Hardanger spelemannslag: Hordamønstring i Granvin. 4000,-

Bergen ungdomslag Ervingen: Stordanskveld. 3000,-

Else Olsen Storesund: Tilskot til Dragegjengen. 15000,-

Folkedans i Hordaland v/ Magni Rosvold: UngOsa. 15000,-

Nordhordland sp. og d.lag og Osterøy sp. og d.lag: Juniorsamling i Haus: 15000,-

Voss spelemannslag: Folkedans for ungdom. 3000,-

Bergen ungdomslag Ervingen: Kurs i samspel mellom musikk og dans. 3000,-

Bergen ungdomslag Ervingen: Kurs i hardingfelespel. 2000,-

Osterøy spel- og dansarlag: Rekrutteringsprosjekt. 2000,-

Osterøybelgen og Osterøy spel- og dansarlag: Haustsamling. 2000,-

I samsvar med budsjett for 2017 vart det innvilga stønad for 77000 kr.

For økonomisk oversyn vert det vist til rekneskapen for 2017.

Fortsetje samarbeidet med Hardingfela.no

Silje Solberg er Hordaland folkemusikklag sin representant i Rådet for Hardingfela.no. Ho hadde ikkje høve til å komma på rådsmøtet 22. august.

Finne arrangør til Vestlandskappleiken 2018

Voss spelemannslag skal arrangere Vestlandskappleiken 2018, i samarbeid med Osafestivalen.

Finne dommarar til Vestlandskappleiken 2017

Spel fele/hardingfele, durspel, lagspel/ gruppespel, open klasse og eldre folkemusikkinstrument: Kristoffer Kleiveland, Osterøy spel- og dansarlag.

Vokal folkemusikk: Silje Solberg, Osterøy spel- og dansarlag.

Dans: Per Øyvind Tveiten, Kvemmingen spel- og dansarlag.

Delta på landsmøte i FolkOrg og fellesmøte for områdelaga

Status: Silje Solberg møtte på landsmøtet og fellesmøtet for områdelaga.

Ha meir oversikt over aktiviteten i fylket og halde kontakt med dei einskilde lokallaga

Det vart ikkje gjort noko særskild for å halde kontakten med lokallaga i 2017 utover å vidareseende informasjon som er komme til Hordaland folkemusikklag og oppdatere nettsida.

Arrangere dommarkurs i september

Kurset vart halde på Ole Bull Akademiet 29/9-1/10. Det var om lag 30 deltakarar, og det vart halde kurs i spel, dans og vokal folkemusikk. Kurset vart arrangert av FolkOrg, med Hordaland folkemusikklag og Sogn og Fjordane folkemusikklag som medarrangørar. Leif Rygg spelte konsert på laurdagskvelden.

Føre revisjon og rekneskap for Audhild Flaktveit Moxnes sin minnepris

Laget har som ført revisjon og rekneskap for minneprisen også i 2017. Den vart utdelt under Vestlandskappleiken i Askvoll, og gjekk til Jonas Laupsa frå Hardanger.

Finne arrangørslag til Hordakappleiken 2018 og utarbeide vedtekter for kappleiken

Osterøy spel- og dansarlag skal arrangere Hordamønstring 17/3-2018. Styret legg fram eit utkast til nye vedtekter som årsmøtet kan diskutere.

Representasjon:

Styremedlem Irene Bjørke representerer laget i styret i Hordaland musikkråd.

Leiar Silje Solberg representerer laget i rådet for Hardingfela.no.

Andre ting:

Etter ønskje frå ansvarleg for Landskappleiken i FolkOrg, Ingrid Stuhaug, inviterte laget lokallaga i og rundt Bergen til eit møte om Landskappleiken 2019. Det var ikkje funne ein arrangør enno og Ingrid Stuhaug kom på møtet for å diskutere eit eventuelt samarbeid mellom laga for å arrangere Landskappleiken 2019. Møtet vart halde i Bergen 22. november. Laga kom fram til at det ikkje høver å arrangere Landskappleiken allereie i 2019.

ARBEIDSPROGRAM FOR 2018

- Dele ut midlar til prosjekt som fell inn under Hordaland folkemusikklag sitt føremål.
- Finne dommarar til Vestlandskappleiken 2018
- Finne arrangør til Vestlandskappleiken 2020
- Ha oversyn over aktiviteten i fylket og halde kontakt med lokallaga
- Føre revisjon og rekneskap for Audhild Flaktvit Moxnes sin minnepris
- Finne arrangør til Hordakappleik i 2019
- Utarbeide vedtekter for Hordakappleiken
- Søkje Hordaland fylkeskommune om driftstønad for 2019.